

---

# **Voss og omland bompengeselskap AS**

**Organisasjonsnummer 986 435 085**

## **PROTOKOLL ORDINÆR GENERALFORSAMLING 2016**

På grunnlag av innkalling av 08.05.17 vart ordinær generalforsamling i Voss og omland bompengeselskap AS, opna av styreleiar Astrid Selsvold, den 22.05.17, kl. 12.00 i Voss tinghus møterom Kvalfoss.

Av aksjonærane møtte:

Voss kommune	ikkje møte
Granvin herad	ved Ordførar Ingebjørg Winjum
Hordaland fylkeskommune	ikkje møtt
Vik kommune	ved Roy Egil Stadheim som møtte med fullmakt

Av aksjonærane møtte eigarar av 20 aksjar av totalt 70 aksjar, dvs 28,6 % av aksjesetsen var representert.

### **1. Godkjenning av innkalling**

Det var ingen merknader til innkallinga og generalforsamlinga vart erklært for lovleg sett.

### **2. Godkjenning av sakslista**

Sakslista vart godkjent.

### **3. Val av møteleiar, protokollførar og protokoll**

Som møteleiar vart Astrid Selsvold vald. Arild Rogde vart vald til protokollførar og til å underteikne protokollen vart Ingebjørg Winjum og Roy Egil Stadheim valde.

### **4. Godkjenning av årsmelding**

Styrets årsmelding vart gjennomgått og godkjent.

### **5. Godkjenning av resultatrekneskap og balanse med noter for 2016**

Årsrekneskapen med noter og revisjonsmeldinga vart gjennomgått. Generalforsamlinga vedtok å fastsetje den framlagde årsrekneskapen for 2016, som selskapets rekneskap for 2016.

### **6. Val av styre**

Det sitjande styret vart gjenvalet. Dette styret består av:

Styreleiar:	Astrid F. Selsvold	Hordaland fylkeskommune
Styremedlem:	Gunn Berit Lunde Aarvik	Voss kommune
Styremedlem:	Olav Turvoll	Vik kommune
Styremedlem:	Stein Inge Ryssdal	Hordaland fylkeskommune
Styremedlem:	Knut Endre Folkedal	Hordaland fylkeskommune

Personlege varamedlemer:

Dag Rune Mo	Hordaland fylkeskommune (vara for Astrid F. Selsvold)
Ingebjørg Winjum	Granvin herad (1. varamedlem for Voss og Vik sine styremedlemmer)
Sigbjørn Hauge	Voss kommune (2. varamedlem for Voss og Granvin sine styremedlemmer)

---

Iril Schau Johansen Hordaland fylkeskommune (vara for Stein Inge Ryssdal)  
Lillian Rogne Hordaland fylkeskommune (vara for Knut Endre Folkedal)

Styret konstituerer nestleiar på fyrste styremøte etter generalforsamlinga.

### **7. Val av valnemnd**

Valnemnda skal bestå av to personar, der den eine er leiar for nemnda.

Valnemnda vart attvald:

- |        |                                       |
|--------|---------------------------------------|
| Leiar  | - Einar Lutro Hordaland fylkeskommune |
| Medlem | - Bjørg Djukastein Voss kommune       |

### **8. Fastsetjing av godtgjersle til styre**

Generalforsamlinga vedtok følgjande styrehonorar, som forøvrig er uendra frå dei to føregåande åra:

Styreleiar: kr 50.000

Nestleiar: kr 25.000

Styremedlem: kr 18.000

Styrehonorar vert utbetalt ved frammøte på minimum 50 % av styremøta. Dei som møter mindre enn 50 % mottar halvt styrehonorar. Varamedlemmer som møter mottar eit honorar på kr 2.260 pr styremøte dei møter på, men varamedlemmer som møter meir enn 50% får honorar som vanlig styremedlem.


Styremedlemmer og varamedlemer får dekka tapt arbeidsforteneste etter rekning, avrekna etter Hordaland Fylkeskommune sine retningslinjer.

### **9. Fastsetjing av honorar til revisor**

Revisor sitt honorar på kr 38.750 vert godkjent etter rekning.

Generalforsamlinga vart deretter heva.

Voss, 22. mai 2017

  
Ingebjørg Winjum

  
Roy Egil Stadheim

**FULLMAKT**

Varaordførar Roy Egil Stadheim får med dette fullmakt til å representera  
VIK KOMMUNE på generalforsamlinga i **Voss og omlang bompengeselskap AS**  
måndag 22.05.2017.

Vik, 18.05.2017



Olav Turvoll

ordførar



**VIK KOMMUNE**  
Ordførar  
Pb. 134  
6891 Vik i Sogn